# Vinter og vårplan 2004

| Arrangement: | Dato: | Mnd: | Ansv: |
|---|---|---|---|
| Nasjonaldagen | 17. | Mai | Styret/Bygdelaget |
| Marsjering i Måløy | 5. | Juni | John Inge |
| Sesongavsluttning | 18. | juni | Johan W. |
| Musikkbasar | 31. | oktober | Styret |
| Juletrefest | 28. | des. | Styret |
| Temakonsert | 8. | jan. | |
| Temakonsert | 22. | jan. | |

**Det var tider det**!!!Styremøte hos Johanne 1999. Det ryktast at heile huset måtte rivast etter dette møtet der det var svært så lystig og god stemning. Eigarane driv no å byggje opp huset igjen. Men om huset ikkje finst meir, er personane på biletet "still going strong". F.v. Terje, Johan, Johanne, Erling, Sølvi og




DOMSTEIN
ENGHAV
Canon
Nordea

## På kryss og tvers med VG

**Prøv VG-kryss**

**Vannrett:**
1. Ex TPM-dirigent
2. Dikter
3. Svi

**Loddrett:**
1. Dyr
2. Uorden
3. Odde
4. Spise

| | 1 | 2 | 3 | 4 |
|---|---|---|---|---|
| 1 | | | | |
| 5 | | | | |
| 6 | | | | |



# Vredens Gnag

TORSKANGERPOLL MUSIKKLAG

Informasjonsavis for Torskangerpoll Musikklag

Nr. 4 11. årgang Laussal: Gratis april 2004



## Blås ut

Det er nok mange som er spent på korleis livet blir etter 1. juni då den nye og endå strengare røykelova blir innført. For korpsfolk vil det imidlertid vere lov å blåse dei fleste stadane inne, dersom det ikkje kjem røyk ut, og det ikkje er for sterk lyd dersom nokon vil sove. Her ser vi dei som likar å suge, ta seg ein kaffi eller ein snus. God helg!!

**Bli medlem!!!** betal 125,- til knt. nr. 6554 05 06153

Torskangerpoll Musikklag, Evy Loen, Holvik, 6700 Måløy

**www.torskangerpoll.no**

# Tilbakeblikk



I eit album dukka dette artige biletet fram. Snart er det 17. mai og då kan det vere greit å mimre litt. Snart startar korpsfolk å øve på marsjar noko som høyrer med til denne nasjonale bursdagsfesten.

## VREDENS GNAG HJELPER DEG!




Lys skinner inn skitne vindauge, men ikkje fortvil. VG har gode råd :
Du treng: Eit skittent vindauge,ei spann med lunka vann, ein kork salmiakk, ein sprut Zalo, ein nal, ein mikrofiberklut
Vask vindauget reint med mikrofiber kluten. La vindauge vere vått. Bruk nalen ovanfrå og ned på vindauge, tørk av nalen mellom kvart trekk. Dette blir garantert bra! Og har du bruk for anna hjelp, så kan du kontakte Asvo. Humørspreder og arbeidsleder John Svarstad (bildet) seier dei kan hjelpe med det meste til hage og utestell no til våren. Det er berre å ta kontakt.



## Det lurer vi på?????

Hva er likheten mellom en julenisse og en førsteklassing?
*Svar: Begge har sekk på ryggen.*

Hva får du hvis en komiker krysser et hav?
*Svar: Latterbølge.*

Hva har et horn og som vi får melk fra?
*Svar: Melkebilen.*

Hvorfor heller blondinene vann på PC?
*Svar: For å surfe på internett!*

Hva er det som er lite og rødt og fyker bortover vannet?
*Svar: Tyttebær med påhengsmotor.*

**Må vi øve heime?** Dette spørsmålet stiller vi oss sikkert både tidt og ofte. Dirigentane masar stadig på musikantane sine om å ta fram instrumentet berre ti minutt kvar dag. Kan det vere artig å sitte å øve åleine? Dei må no skjønne at det nesten er umulig å få til å øve heime. Ingen vil ha ein øvande korpsmusikkar i hus. Vi forstyrrar dei vi bur ilag med, ja til og med naboane når dei skal sove, ete, sjå fjernsyn, lese avisa, lage mat, prate i telefonen, høyre musikk, ja kva det skal vere. Dei som ikkje spelar i korps har nok ikkje forståelse for at detaljane må vere på plass for at heilheita skal bli god. Det ryktast at når John Inge øvar så tek han av og til så kraftig i at tunga bles ut.

